



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/1123 - 18/10884

Saksbehandlar:  
Stian Marøy  
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:  
17.07.2018

## Byggesak Gbnr 45/231 Manger - planering og rubbhall - igangsetjingsløyve

Delegasjonssak nr.: 184/2018

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

**Adresse** : Toskavegen 198  
**Tiltakshavar** : Entreprenør Rune Ulvatn AS  
**Ansvarleg søkjar** : Arkoconsult AS  
**Søknadstype** : Søknad om løyve til igangsetjing

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjing av planering og oppføring av rubbhall med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 750 m<sup>2</sup>.

Kommunen har i vedtak av 14.05.2018 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.07.2018 og supplert 10.07.2018.

#### Plan for handsaming av masser

Det er i søknad om igangsetjing lagt ved massebalanseplan som vedlagt under:

Tiltakshaver mener han selv har hatt løyve til å drive med masseuttak fra gjeldende sted. Det er i senere tid tatt ut løsmasser som er brukt i Radøygruppens kaiannlegg. Massene ble brukt som plastringsstein på stedet. Det er foretatt en ny måling av området som viser at det er gjenstående ca. 700m<sup>3</sup> med stein. Disse massene er planlagt benyttet til fortau langs fylkesveg og dersom det er gjenstående masser etter det – til veiutvidelsen mot Langhøyane. Vi har utarbeidet nye terrengsnitt med bakgrunn i nye innmeldinger. Disse kan ettersendes ved behov.

Ansvarlig søker er opplyst om at kommunen mener det er tatt ut mer masser enn det som er lovlig. Vi har som ansvarlig søker ikke fått dette bekreftet av tiltakshaver, men det kan se ut som om inngrep er gjort.

## VURDERING

### Massebalanseplan

Det er krav i reguleringsplan for Kjebogen at det skal liggje føre massebalanseplan før det kan gjevast løyve til igangsetting av tiltak innafor områder.

Det er på omsøkt eigedom (område BI3) allereie teke ut store mengde stein. Byggesak forstår det sånn at massane har blitt henta ut i den tru at dette er i tråd med eit tidlegare løyve. Ansvarleg søker har gjeve ei omtrentlig utgreiing over kor massane er nytta, og tiltenkt bruk av overskotsmasse. Det er i mottatt utgreiing vist til at nokre av massane er brukt som plastringsstein i samband med Radøygruppen sitt kai anlegg, og at resterande er tenkt brukt i anlegg knytt til fylkesveg.

Kommunen har forståing for at det er vanskeleg å gjere massevurderinga når store deler av massane allereie er teke ut. Ansvarleg søker si utgreiing tilfredsstillar ikkje krav til massebalanseplan, men kommunen ser det ikkje som tenleg/mogleg å følgje opp masseuttaket gjennom den ordinær byggesakshandsaminga.

Når det gjeld massane som allereie er teke ut vert saka difor overført til tilsyn for vidare vurdering.

I denne saka tek kommunen bare stilling til plan for handsaming av masser for den delen av massane som ikkje er teke ut og disponering av overskotsmasse. Godkjenning av søknad om igangsetting føreset at overskotsmasse vært nytta som opplyst i tilknytning til fylkesvegen, og ikkje vert kjørt ut av området til andre eigedomar.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, 20-2 a og 20-3 vert det GODKJENT søknad om igangsetting for planering og oppføring av rubbhall som omsøkt på følgjande vilkår:**

1. Vilkår gitt i delegasjonssak 110/2018 er gjeldande.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.17 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.10	Delt sakshandsaming	kr	3 200
		Totalsum kr	3 200

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

## Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet datert 14.05.2018 er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 18/1123

## Klage:

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy  
ingeniør/byggjesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Entreprenør Rune Ulvatn AS

Radøyvegen 1539 5936

MANGER

**Mottakere:**

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN